



Sentrale personar frå Uskedalen samla ved Konow/Juel bautaen, minnesteinen frå fyrste folkehøgskulen på Vestlandet i 1868.

Den fyrste folkehøgskulen på Vestlandet starta på Halsnøy Kloster alt i 1868. Med ny start i 1914 kan Sunnhordland folkehøgskule høgtida sine 100 år i 2014. Fyrste del av markeringa var i helga. Tre sentrale personar frå Uskedalen var tilstades.

Bjørgulv Eik var elev vinteren 1950/51. Klara Haugland frå Klammeren var og ein av dei 31 elevane på kullet. Bjørgulv gjekk året etter på Småbrukarskulen og var dermed ein viktig del av høgskulemiljøet. Bjørgulv har seinare vore leiar og styremedlem i Det store elevlaget.

Harald Sunde var elev på folkehøgskulen skuleåret 1951/52. Det var berre 26 elevar på vinterkurset det året. Harald si elevgruppe har vore svært aktive med å møtast att på elevstemner. På hundreårshøgtida møtte fleire elevar frå dette kullet.

Kristian Olav Bringedal, elev 1968/69, har vore aktiv i arbeidet for folkehøgskulen,- 20 år som formann i Elevlaget, lærar i to år og styremedlem i ein bolk på 1980 talet. På 100 årsfesten på sundag bar han fram helsing frå Kvinnherad kommune.

Det har alltid vore eit godt samarbeid mellom Uskedalen og folkehøgskulen. Dette kom særleg til uttrykk før på elevstemner der teatergruppa i Uskedal ungdomslag jevnleg synte fram spelstykke. Elevgrupper frå folkehøgskulen har og vore i Uskedalen med korsong og anna program.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Margit Eik
Nett: Thor Inge Døssland

